

FOLKEHØGSKOLERÅDET SAMNEMNDA

Norsk Folkehøgskolelag / Noregs Kristelige Folkehøgskolelag

Til rektor på private folkehøgskolar
Til rektor på fylkeskommunale
folkehøgskolar til orientering

**Ver snill å kopiere dette brevet
til tillitsvalte i NF/NKF**

4. mars 2004

Vår ref.:
77/04/A3.03

**Samnemnda-Info 1/04
FHSR-rundskriv 7/04**

Vedr. møte i HSH for dei private folkehøgskolane

Vi viser til to brev som er sendt skolane frå Handels- og Servicenæringens
Hovudorganisasjon (HSH) der det blir invitert til eit informasjons- og drøftingsmøte tysdag
16. mars kl 10.00 – 14.00.

Invitasjonen går særleg til dei private folkehøgskolane som ikkje er medlem av HSH.

Både Folkehøgskolerådet og Samnemnda for NF og NKF vil oppfordre rektorane, evt. andre
arbeidsgivarrepresentantar, til å delta på møtet.

Vi ser at HSH vil spela ei viktig rolle framover, særleg når forhandlingsansvaret for
undervisningspersonalet på folkehøgskolane om ei tid blir ført over frå staten til skolane
sjølve.

Da ville det vera i alles interesse at vi har ryddige og oversiktlege partsforhold i
tarifforhandlingar, og HSH vil vera ein naturleg arbeidsgivarorganisasjon for dei private
folkehøgskolane.

Med helsing
for Folkehøgskolerådet

for Samnemnda for NF og NKF

Leon Haugsbø /s/

Dag Wollebæk /s/

Odd Arild Netland /s/